

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.09.2016

Aud Karin Oen (SV) sette fram slik protokollmerknad:

«Til punkt 3.2. Inntektssikring:

SV ser at det i mange høve er trong for auka sosiale ytingar for å bekjempe fattigdom. Byrådet i Bergen oppmodast til å vurdera dette som eit konkret tiltak i det vidare arbeidet med planen.»

Kari Sørensen Bernardini (A) sette på vegner av A og Frp fram slikt forslag:

«Nytt avsnitt etter overskrifta «Merknader til tiltaka i handlingsplanen/tiltakslista»:

3.1: Arbeid og kvalifisering til arbeid

Det er viktig å hugse at fattige barn har fattige forsørgarar, og nøkkelen til ein betra livssituasjon og hindring av fattigdommens reproduksjon går gjennom å sikre familiane ein langsiktig og trygg økonomisk situasjon. Dette må gjerast m.a. gjennom å sikre innpass i og ei varig tilknytning til arbeidslivet, samt sikre dei som er varig utanfor arbeidslivet trygge økonomiske rammer med moglegheit for aktivitet og samfunnsdeltaking.»

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Bernardini sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune meiner at Bergen kommune har ein handlingsplan mot fattigdom som svarer på aktuelle utfordringar i kommunen.
2. Hordaland fylkeskommune rår til at det vert gjort justeringar og presiseringar i planen i tråd med merknadene i saka.
3. Nytt avsnitt etter overskrifta «Merknader til tiltaka i handlingsplanen/tiltakslista»:

3.1: Arbeid og kvalifisering til arbeid

Det er viktig å hugse at fattige barn har fattige forsørgarar, og nøkkelen til ein betra livssituasjon og hindring av fattigdommens reproduksjon går gjennom å sikre familiane ein langsiktig og trygg økonomisk situasjon. Dette må gjerast m.a. gjennom å sikre innpass i og ei varig tilknytning til arbeidslivet, samt sikre dei som er varig utanfor arbeidslivet trygge økonomiske rammer med moglegheit for aktivitet og samfunnsdeltaking.

Protokollmerknad frå SV

Til punkt 3.2. Inntektssikring:

SV ser at det i mange høve er trong for auka sosiale ytingar for å bekjempe fattigdom. Byrådet i Bergen oppmodast til å vurdera dette som eit konkret tiltak i det vidare arbeidet med planen.